



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 10.07.2015
Vår ref.: 2014/13126-16
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Fråsegn til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn av reguleringsplan for Rossneset, Svena fritidsbustader - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 21. mai 2015 om høyring av forslag til detaljregulering for Rossneset, Svena fritidsbustader. Hovudføre måla i planen er fritidsbustader, naust og småbåtanlegg. I kommuneplanen er området sett av som hytteområde, med omsynssone *Detaljeringszone - reguleringsplan skal framleis gjelde*. Gjeldande plan regulerer to hyttetomtar og to nausttomtar. Planforslaget på høyring er i strid med gjeldande plan.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 15.05.2014.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Vi viser til våre innspel til planarbeidet i vår fråsegn datert 15. mai 2014 og drøftingsmøte med kommunen 13. mai 2014. Planforslaget på høyring er ikkje endra i tråd med våre innspel og vi vurderer å tilrå motsegn. Grunngevinga er omsynet til regionale friluftsiinteresser og strandsona.

Samferdsel

Alt arbeid i samband med fylkesvegen skal følgje Statens vegvesen sine vegnormar. Det er viktig at tiltakshavar er i tett dialog med Statens vegvesen for å syte for at trafikktryggleik, deriblant trafikksikker avkjøring til planområde, og mjuke trafikantar vert ivaretatt.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektortyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor planområdet. Hordaland fylkeskommune har difor ingen merknader til planen når det gjeld kulturminne. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegfar, bakkemurar, tufter mm.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget. Vi vurderer å tilrå motsegn. Grunngevinga er omsynet til regionale friluftsiinteresser og strandsona.

Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Vi ber no om:

1. Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd.
2. Utsett frist til etter nærare avtale (Sjå Rundskriv T-2/2003 frå Miljøverndepartementet punkt 3.4).

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kjetil Sigvaldsen, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest